

# RAPPORT FRA KONGSBERG KIRKELIGE FELLESRÅD

## Visjon

Menighetsrådene og fellesrådet har vedteke ein Virksomhetsplan med visjonen:  
“Kirken i Kongsberg og Sandsvær skal være åpen og inkluderende, skape engasjement og tilhørighet og utfordre til kristen tro og tjeneste.”

## 2. Kirkevergens rapport

### a. Kommune og kirkelig inndeling

Informasjon, statistikk og nøkkeltall for Kongsberg kommune, sjå:

[www.ssb.no/kommunefakta/kongsberg](http://www.ssb.no/kommunefakta/kongsberg)

### Soknegrenser og struktur – fremtidig struktur.

Det er ikkje unaturleg å gjennomføre ei vurdering av organisasjon og organisering. Er det praktisk og god forvaltning med så mange sokn, eller burde ein slå saman. Det ligg mykje ansvar til kvart enkelt sokn, kunne ein få meir til ved samanslåing av sokn eller felles menighetsråd ? Kirkevergen har etterlyst erfaring på dette feltet, det er mange sokn som er slått saman siste år, og det burde vere mulig å hente ut erfaring. Kva skjer med eigarforhold, ansvar og engasjement ved soknesamanslåing. Kan meir samarbeid mellom sokna vere ei gje like stor gevinst som ved samanslåing. Fellesrådsområdet er prega av ei todeling mellom Kongsberg og Sandsvær. Det vil truleg vere ein del å hente på meir samhandling i heile organisasjonen.

### b. Bemanning (pr. august 2021)

Andfossen, Lasse	60 %	5137 Kirkegardsarbeider
Anger, Matthias	100 %	5202 Kantor
Aunan, Jan Magne	100 %	5137 Kirketenar/g.arb
Bakka, Sondre Romme	100 % eng.	5137 Kirketenar/g.arb
Bergesen, Bente Weber	100 %	5151 Sekretær
Etnestad, Oddvar	100 %	4950 Kirkeverge
Frogh, Inger-Johanne	100 %	5107 Diakon
Haugejorden, Vibe Vad	35 %(+20 % vikar)	5235 Men. pedagog
Harangen Liv	9,10 %	5137 Kirketjener/kl.
Harangen, Liv	20 %	5151 Sekretær
Hauge, Tanja	100 %	5176 Kateket
Jørstad, Bjørn	100 %	5124 Fagarbeider
Knudsen, Lise	50 %	5251 Organist
Lindem Siri	100 %	5137 K.tj./k.g.arb.
Oganov, Aleksandre	100% start 01.09.	5251 Organist
Sending Bente	100 %	5124 Fagarbeider
Simonsen, Helene M.	100 %	5235 Men.pedagog

Skrede, Ingvild Støa	100 %	5188 Konsulent
Solbu, Kristin Flatland	100 % (20 % perm)	5175 Kantor
Sommer, Bjørn Idar	100 %	5137 Kirketener
Utvær, Torunn Nateland	100 %	5107 Barne og ungdomsdiakon
Viken, Randi Lie	80% +	5188 Konsulent
Åsarmoen, Margit	100 %	5245 Daglig leder Gloger

I økonomiplanarbeidet er det auke i administrasjon som er prioritert. Vidare er det behov for auke innan kirketenar/kirkegårdsarbeider, kirkemusikk og barne og ungdomsarbeid.

### c. Kontorforhold

Det er to menighetskontor, eit i Kongsberg og eit i Sandsvær, så er det 3 tilsette som har fast base på Gravlund og kirketenar i Kongsberg kirke har base der.

Kontoret i Kongsberg er på Krona – eit kombinert bygg med kulturhus, høgskule og kommunale etatar. Kirkekontoret er etablert i 6 etg og er oversiktleg og godt utstyrt. Men det er litt langt frå «gatenivå» og det kjem lite folk innom. Samstundes hadde ein dobbelt så mange førehandsrøyser med frammøte på kirkekontoret ved valet i 2019 samanlikna med valet i 2015 då ein hadde kontor på «bakkenivå» i Hyttegata, så bildet er ikkje eintydig. Men ein ser etter ei løysing å kome på bakkenivå og litt meir areal.

Menighetskontoet i Sandsvær er etablert i Efteløt menighetshus. Der er det også fast base for kirketenarane i Sandsvær. Ein har såleis felles lunsjrom og arbeidsmiljø.

### d. Kirker og kirkelige hus

Kongsberg kirkelig fellesråd har ansvar for 6 kyrkjebygg og eit gravkapell

Ein har to middelalderkirker, Efteløt og Hedenstad. Kongberg kyrkje er frå 1700 talet og 3 kyrkjer frå 1800 talet. To i stein, to i tegl og to i tre. Kyrkjebygga er 2390 år til saman! Så her er mykje historie å ta vare på. Gravkapell på Kongsberg gravlund er frå 1973

Alle kirkene er registrert i kirkebasen.

Ein er i gang med omfattande restaureringsarbeid av Efteløt og Hedenstad kirker som er middelalderkirker. Hovedfinansiering er låneopptak med lånegaranti frå Kongsberg kommune, i tillegg til statlege tilskudd. Kongsberg kyrkje har vore under restaurering i om lag 10 år.

#### Efteløt kirke

Frå ca 1183 i stein romansk stil. 190 sitteplassar

Efteløt kyrkje er er Kongsberg sitt eldste bygg. Det vart i 2013 utarbeidd ei grundig tilstandsanalyse. Og avdekka eit restaureringsbehov på kring 13 millionar

Etter utarbeidd tiltaksplan er det no lagt nytt tak på heile kirka, vidare er det arbeid i gang med brannsikring og oppdatering av el anlegg og oppvarming. Målet er at Efteløt kyrkje skal vere på ordinært vedlikehaldsnivå i 2024. Nytt 22 stemmers orgel frå Ryde & Berg, vil vere på plass til mars 2022. Ved kirka er det eit mindre servicebygg, som no vert ombyggd til teknisk rom, for å få mest mulig el anlegg ut av kirka.

### **Hedenstad kirke**

Frå 1100/1200 stein romansk stil 150 sitteplassar

Bruno Christensen orgel 11 stemmer frå 1981

Ein har ikkje nøyaktig fastsett byggeår. Det vart utarbeidd grundig tilstandsanalyse i 2013, utbetningsbehov er på kring 10 mill. Mellom anna tak og ytterveggar.

Kyrkja fekk ny brannvarsling i 2017. Heile taket vert skifta no i 2021, i tillegg til vøling av tårn. Kirka får også ny farge, ein mørkare rødfarge, som vart fastsett av Riksantikvaren i 1952. I 2022 vil ytterveggane bli vølt, vidare gjennomgang av brannsikring og el anlegg. Betre belysning er det også behov for.

Det er eit frittstående bygg med opphaldsrom for kirketenar og garasje for utstyr.

### **Kongsberg kirke**

Frå 1761 i tegl – barokk stil - bygd for 2400 sitteplassar godkjend for 1100

Glojer orgel frå 1765 – restaurert 2001

Klokkespill – 24 klokker - 2011

Kongsberg kirke er eit unikt kyrkjebygg. Det vart utarbeidd ei grundig tilstandsanalyse i 2009, og det har sidan den tid vore gjennomført eit omfattande restaureringsarbeid, som vil halde på i mange år til. Kongsberg kirke er vår «Nidarosdom» Det vil alltid vere vedlikehaldsbehov. Første prioritet er skalsikring og brannsikring, så vil innvendig vedlikehald kunne takast over tid. Arbeid med taket er avslutta, rehabilitering av alle vindu er no hovudprosjektet, samt brannsikring og oppvarming. Vidare arbeider ein med å få på plass betre toalettforhold og utvendig tilkomst til teknisk rom.

### **Tuft kirke**

Langkirke frå 1880 i tegl, gotisk stil – 150 sitteplassar

Bruno Christensen orgel 14 stemmer frå 2002

Kyrkja har ikkje universell utforming, dette står på planen å få retta opp.

Ny elektronikk til ringeklokker i 2017

Tilknytt til kyrkje er det bårehus med kjølerom.

Kyrkjestove frå 2015 og har plass til 25 ved bord og 40 personar ved buss. I tillegg er det rom for kyrkjetenarar.

### **Komnes kirke**

Langkirke frå 1881 i tre, nygotisk stil – 170 sitteplassar

Eistein Gangfløt orgel – 10 stemmer - frå 1980 Det er

ikkje universell utforma tilgang, dette står på arbeidslista.

Sanitærbygg frå 1978 med rom for opphald og utstyr. Og eit utstysbygg frå 1956 som var bygd som bårhus.

### **Jondalen kirke**

Langkirke frå 1882 i lafta tømmer – 150 sitteplassar

10 stemmers orgel frå Norsk Orgel-Harmoniumfabrikk - 10 stemmer - 1982

Det er ikkje universell utforma tilkomst, dette står på planen i tillegg til at heile kirka snart treng nytt malingstrøk. Servicebygg frå 2003 med toalett, skifterom, lager og kyrkjestove med plass for ca15 personar.

Det er behov for fleire parkeringsplassar, arbeid med dette er sett på dagsorden no i haust.

## **e. Kirkegårder**

Det er kirkegård ved alle kirkene, alle er i bruk med unntak ved Kongsberg kirke.

Fellesrådet har vedtek at det skal etablerast namna minnelund på alle gravplassane i kommune med unntak av gravplassen ved Næringsparken. Dette har teke lenger tid enn venta og ein opplever godkjenningsprosessen i overkant detaljorientert.

### **Kongsberg kirkegård**

Den var i aktiv bruk fram til på 1950 talet, frå 1905 var dei fleste begravelsane frå «Kongsberg nye gravplass» ved Næringsparken.

Det har gjennom mange år vore vurdert korleis kyrkjegarden skal nyttast vidare, park eller gravplass. På fellesrådsmøte 04.09.18. gjorde fellesrådet vedtak om at det skal etablerast namna minnelund, den er under planlegging.

Vidare er arbeid med restaurering av muren rundt gravplassen starta opp i haust, muren mot Myntegata er no under arbeid, den sto i fare for å dette ned. Til våren skal ein halde fram med muren i Stukenbrocksgate

På andre sida av Kirketorget ligg «Seminarkirkegården» ein mindre gravplass som var i bruk 1775 – 1905.

### **Gravplass ved Næringsparken**

Etter planen skulle denne stengast då ny gravplass på Gomsrud sto ferdig. Det vart ikkje gjort, men i 1981 vart bruken avgrensa til urner på festa graver. Etter mykje fram og tilbake gjorde fellesrådet vedtak i 2019 at gravplassen skulle opnast for ordinær bruk. Det har vore manglande vedlikehald i mange år, så det er behov for opprusting av heile gravplassen . Det har vorte gjennomført fleire kistegravleggingar sidan opninga og ein reknar med ein gradvis auke vidare. Auke i bruken vil også gjere det lettare å vedlikehalde og ruste den opp.

### **Kongsberg gravlund på Gomsrud**

Den vart etablert i 1973 – med gravkapell og krematorium. Krematoriet vart stengt i 2007 grunna det ikkje stettar krav til rensing. Det er to kapell i bygget, eit med 150 sitteplassar og det andre med 25 sitteplassar. Kapellet er livssynsnøytralt.

Namna minelund vart etablert i 2015 og anonym urnelund i 2014.

### **Tuft kirkegård**

Tuft kirkegård ligg fint til, råma inn av kyrkje og servicebygg på ei langside, og skog på tre sider. Tuft kirkegård vart utvida på 90 talet. Muren, som deler gamal og nytt gravfelt, har rasa sammen. Arbeid me då rette opp muren er starta opp. Namna minnelund vart teken i bruk i 2020.

### **Hedenstad kirkegård**

Hedenstad kirkegård ligg fint til på høgdedrag rundt Hedenstad kyrkje, utfordring her er mykje leire, grunnen lever, utfordring med vegar og ein vurderer utskifting av masse ved gravferd. Namna minnelund er plass veldig fint på ei lita høgde på utvida del, denne vart teken i bruk sommaren 2021.

### **Efteløt kirkegård**

Efteløt kirkegård ligg fint til rundt Efteløt kyrkje, den er helden godt vedlike og har framleis ledig kapasitet. Søknad om namna minnelund er sendt til statsforvalteren.

### **Komnes kirkegård**

Den ligg fint til på ei høgdedrag og omkrinsar Komnes kyrkje, den er velstelt og har god kapasitet.

### **Jondalen kirkegård**

Jondalen kirkegård ligg fint og lunt til på nordsida av Jondalen kyrkje, den treng litt opprustning, men har framleis god kapasitet. Det er hogd ein del skog på den eine sida som det ikkje er rydda opp etter, det er litt skjemmande.

### **Vedlagt personalliste**

Tilstandsrapport for Efteløt kyrkje, Hedenstad kyrkje og Kongsberg kyrkje er tilgjengeleg hjå kirkevergen

Kongsberg 28.10.2021.

Oddvar Etnestad

- kirkeverge -